



# BACHELOROPPGÅVE

**Tittel på norsk:** Korleis kan ein som sosionom tilsett i vidaregåande skule bidra til å førebyggje utvikling av rusmiddelutfordringar hos ungdom?

**Tittel på engelsk:** How can one as a social worker employed in the Norwegian upper secondary school contribute to the prevention of substance use disorders in adolescents?

**Kandidatnummer: 361**

Bachelor i sosialt arbeid

Fakultet for helse- og sosialvitskap

Institutt for velferd og deltaking

Tal ord: 8263

Innleveringsdato: 27.05.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Abstract:

The aim of this bachelor's thesis is to examine *how one as a social worker employed in the Norwegian upper secondary school can contribute to the prevention of developing substance use disorders in adolescents*. Data for this study were obtained through a literature study of newer date, in addition to the review of relevant literature related to social workers competence and their role in the Norwegian school system.

To illuminate the thesis, following sub- questions are asked

- What are the risk- and protective factors of developing substance use disorders in adolescents, and
- What is and what is not effectful when it comes to preventing substance use disorder in adolescents

The data from the review show that several risk- and protective factors may influence the likelihood of substance use disorders in adolescents.

There are many different social programmes aiming to prevent substance use disorders in adolescents, though none of the studies are directly related to social workers role in the Norwegian upper secondary school. There are however elements from the selected studies that are relevant to the thesis, even though one can not with certainty draw an absolute line of cause – effect when it comes to the thesis.

The review suggest that as a social worker you can contribute to the prevention of substance use disorders in adolescents by strengthening the protective factors surrounding the youths, including visibility in the school area, being a reliable adult, improving the school environment, and supporting the adolescents network of friends and family. In addition, the social worker may use motivational interviewing or family-based interventions as methods in the prevention of developing substance use disorders in adolescents. Summarized it`s important to cultivate the protective factors surrounding the adolescents.

*Keywords: Substance use disorder, adolescents, school, social work, prevention*

## Innhald

1	Innleiing .....	3
1.1	Bakgrunn for val av tema .....	3
1.2	Avgrensingar og presentasjon av problemstilling .....	3
1.3	Relevans for fag og yrke .....	4
1.4	Omgrepsavklaring.....	5
1.5	Oppgåva si oppbygging .....	7
2	Metode .....	7
2.1	Vitskapsteoretisk ståstad .....	7
2.2	Forskningsdesign .....	8
2.3	Kjeldekritikk.....	9
2.4	Grunngjeving av metodeval .....	10
2.5	Litteraturgjennomgang.....	11
2.6	Etiske vurderingar.....	12
3	Teoridel.....	13
3.1	Systemteoretisk perspektiv .....	13
3.2	Førebygging på ulike nivå .....	14
3.3	Sosionomen sin kompetanse, samfunnsoppdrag og rolle som tilsett i skulen .....	15
4	Presentasjon av funn .....	16
4.1	Risikofaktorar .....	17
4.1.1	Faktorar på individnivå .....	17
4.1.2	Faktorar på gruppenivå .....	17
4.1.3	Faktorar på samfunnsnivå .....	18
4.2	Beskyttelsesfaktorar .....	18
4.3	Ulike førebyggingsmetodar .....	18
4.4	Ulik effekt av førebygging i ulik alder .....	19
4.5	Motiverande intervju .....	20
5	Drøfting.....	21
5.1	Fokus på risiko- og beskyttelsesfaktorar i det førebyggjande arbeidet .....	21
5.2	Ulike førebyggingsmetodar .....	22
5.3	Motiverande intervju .....	24
6	Avslutning.....	25
7	Litteraturliste:.....	27

## 1 Innleiing

I dette kapittelet vert bakgrunn for val av tema skildra. Eg vil gå inn på problemstilling, kva avgrensingar eg har vald å gjere i oppgåva og deretter ei omgrepsavklaring. Deretter vert relevans for fag og yrke vert grunngjeve. Avslutningsvis blir oppgåva sin vidare disposisjon lagt fram.

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

Utvikling av rusmiddelutfordringar hos enkeltmenneske kan føre til store samfunnsmessige konsekvensar. Dette kan blant anna innebere kostnadar til psykisk helsevern, somatisk behandling og rusmiddelbehandling (Folkehelseinstituttet, 2019). Det er difor relevant å ha kunnskap om korleis slike utfordringar kan førebyggast. Ungdomstida er for mange ei tid som inneber bruk av rusmiddel for første gang. Vidaregåande skule vert blant anna avslutta med russtid, som for mange kanskje er forbunde med festing og bruk av rusmiddel. Eg ser det difor som interessant å finne ut meir om i kva grad førebygging av rusmiddelutfordringar i denne perioden kan ha noko føre seg.

Mine to praksisperiodar på sosionomstudiet gjekk føre seg på NAV og hos Kirkens SOS. I praksisperioden min på NAV var eg i hovudsak på eit ungdomsteam. Fleire av ungdomane eg følgde opp, hadde utfordringar knytt til rusmiddelbruk som påverka kvardagen ulike måtar. I tida hos Kirkens SOS fekk eg snakke både med ungdom som hadde eit trøblete forhold til rusmiddel, og med pårørande til personar med utfordringar knytt til rusmiddelbruk. På den måten fekk eg eit innblikk i korleis rusmiddelproblematikk kan påverke både brukaren sjølv, men også familie og nettverket rundt. Dette bidrog til å gjere meg ytterlegare interessert i temaet ungdom og rusmiddel, og i førebygging av rusmiddelrelaterte utfordringar.

### 1.2 Avgrensingar og presentasjon av problemstilling

Med bakgrunn i førre avsnitt har eg kome fram til følgande problemstilling:

***Korleis kan ein som sosionom tilsett i vidaregåande skule bidra til å førebyggje utvikling av rusmiddelutfordringar hos ungdom?***

For å kunne førebyggje noko, vil det vere viktig å vite kva faktorar eller forhold som kan føre til den uønskte situasjonen. Dette kan gjere det mogleg å fange opp personar med forhøga risiko, og setje inn tiltak før ei eventuell problemutvikling forverrar seg. På same måte vil det også vere nyttig å ha kunnskap om kva faktorar som kan verke beskyttande. I tillegg til dette kan det også vere hensiktsmessig å vite noko om kva former for førebygging som tidlegare er utprøvd, og kva for effekt desse ser ut til å ha hatt. Dette for å kunne ta utgangspunkt i førebyggingsmetodar som har vist effekt. Følgande underspørsmål er difor også relevante å undersøke for å belyse problemstillinga:

- Kva er risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar for utvikling av rusmiddelutfordringar hos ungdom?
- Kva har hatt effekt og kva har ikkje hatt effekt når det gjeld rusmiddelførebyggjande arbeid i skulen?

Eg vel å sjå på risikofaktorar og førebygging av problem knytt til både alkohol og illegale rusmiddel. Dette fordi mykje av faglitteraturen og forskinga ser dette under eitt, og fordi det vil vere relevant å førebyggje utfordringar uavhengig av kva rusmiddel som kan føre til eller har ført til utfordringa.

Oppgåva er avgrensa til å gjelde sosialarbeidarar som er tilsette på vidaregåande skule. Med førebygging meinast førebygging som går føre seg på skulen og som rettar seg mot elevane som går der.

### 1.3 Relevans for fag og yrke

Som sosionom handlar mykje av arbeidet om å hjelpe menneske med sosiale problem (Berg, Ellingsen, Levin & Kleppe, 2015, s. 19). Rusmiddelavhengigheit kan sjåast som eit sosialt problem, og er dermed eit relevant område for sosialt arbeid som fag og yrke. For å kunne førebyggje best mogleg er det viktig å ha kunnskap om kva som kan gjere nokre personar meir sårbare for å utvikle problem knytt til bruk av rusmiddel enn andre. Kunnskap om risikofaktorar kan tenkjast å bidra til å redusere stigmatisering, ved å tydeleggjere at det til dømes kan vere individuavhengige faktorar som ligg til grunn for problemet. Som sosionom kan ein arbeide på svært mange ulike arbeidsplassar, og eg ønskte å sjå meir på korleis ein som sosionom kan bruke skulen som ein arena for førebygging av rusmiddelproblem. Ved å

fange opp ungdom som står i faresona, kan ein kanskje klare å førebyggje rusmiddelutfordring. Gjennom skulen kan ein kanskje også fange opp ungdom som allereie viser teikn til å bruke rusmiddel på ein skadeleg måte, og hindre vidare problemutvikling.

Rusmiddelbruk er eit tema som eg opplever at mange har meiningar og førestillingar om. Mange av ungdommane eg kom i kontakt med i praksisperiodane, fortalde meg om ein barndom prega av vanskelege skule- og familietilhøve. Eg fekk inntrykk av at det ofte var mange faktorar som til saman var utslagsgjevande for at ungdommane hadde utvikla problem, og at det var vanskeleg å peike på éi bestemt hending eller oppleving som hadde meir innverknad enn andre. Mi forforståing ber preg av at eg tenkjer på rusmiddelutfordringar som eit komplekst fenomen, som dermed ikkje nødvendigvis kan førebyggjast med enkle tiltak. Når eg tenker tilbake til då eg sjølv gjekk på vidaregåande skule, har eg ikkje noko spesifikke minner om førebyggingsprogram knytt til dette. Eit unntak er eit føredrag med ein representant frå politiet kort tid før russetida i tredje klasse. Fokuset låg på ei bevisstgjerung av konsekvensar av køyring i ruspåverka tilstand, og det vart ikkje fokusert på moglege framtidige konsekvensar av rusmiddelbruk.

#### 1.4 Omgrepsavklaring

Eg vil i dette avsnittet gjere greie for omgrep som er relevante for problemstillinga og underspørsmål knytt til denne. Andre omgrep vil bli definert ved første gangs bruk i teksten.

**Sosionom:** Sosionom viser til yrkestittelen til ein person med treårig utdanning innan sosialt arbeid. Nokre stader brukar eg også omgrepet sosialarbeidar. Sosialarbeidar omfattar i denne samanhengen sosionomar, vernepleiarar og barnevernsterapeutar.

**Ungdom:** Ungdom dekkjer i denne oppgåva alle elevar som går på vidaregåande skule. Det er såleis ikkje sett ei absolutt aldersavgrensing i oppgåva. Sjølv om mange fyller 18 år i løpet av tida på vidaregåande skule, og dermed juridisk sett er vaksne, vel eg å bruke omgrepet ungdom også om elevar som er over 18 år.

**Risikofaktor:** Omgrepet risikofaktor er brukt om faktorar hos ein person eller i oppvekstmiljøet rundt personen som kan gje auka sannsyn for negativ psykososial utvikling i framtida (Helsedirektoratet, 2019a).

**Beskyttelsesfaktor:** Omgrepet beskyttelsesfaktor er brukt om faktorar hos ein person eller i oppvekstmiljøet rundt personen som kan knytast til redusert sannsyn for negativ psykososial utvikling i framtida (Helsedirektoratet, 2019b).

**Rusmiddel:** Rusmiddel er substansar av kjemisk eller biologisk art som gir rus. Det vil seie at rusmiddelet medfører ei merkbar endring i åtferd, verkelegheitsoppfatning og stemningsleie (Simonsen, 2016, s. 25).

**Rusmiddelutfordringar:** I oppgåva vert rusmiddelutfordringar brukt som eit samleomgrep for både skadeleg bruk av rusmiddel og rusmiddelavhengigheit. Skadeleg bruk av rusmiddel inneber ein bruk av rusmiddel som har gitt helseskadar, anten fysiske eller psykiske, i ein definert tidsperiode (Folkehelseinstituttet, 2019). Det finst fleire definisjonar av rusmiddelavhengigheit. Folkehelseinstituttet (2019) sin definisjon av rusmiddelavhengigheit vektlegg at brukaren sjølv kjenner på eit sterkt ønske om å bruke rusmiddelet, og slit med å kontrollere bruken av det. Sjølv om bruken av rusmiddelet gir skadelege konsekvensar, fortset han eller ho bruken av dette. Rusmiddelinntaket blir prioritert framfor andre forpliktingar og aktivitetar, og brukaren utviklar etter kvart ei toleranse, som fører til behov for aukande dosar for å oppnå effekt. (Folkehelseinstituttet, 2019). Eg vel å bruke denne definisjonen då den legg vekt på både brukaren si subjektive kjensle, og dei skadelege konsekvensane dette medfører for miljøet rundt brukaren.

**Førebygging:** Førebygging handlar om å minimere risikoen for ulike former for problemutvikling (Hole, 2014, s. 71). Med førebygging av rusmiddelutfordringar meinast i denne oppgåva difor å minske risikoen for at ungdom utviklar rusmiddelutfordringar.

Eg vel bevisst å ikkje nytte ord som rusmisbruk, rusmisbrukar, rusbruk og rusavhengigheit i oppgåva. Omgrepet misbruk er både verdiladd og upresist. Rusbruk og rusavhengig tilseier at ein person brukar eller er avhengig av rus, når det som eigentleg meinast er at personen brukar eller er avhengig av rusmiddel (Simonsen, 2016, s. 23). Eg vil difor gjennomgåande i teksten bruke omgrepet rusmiddelutfordringar som eit overordna omgrep som rommar

både skadeleg bruk av rusmiddel og rusmiddelavhengigheit. Simonsen (2016, s. 30) påpeikar viktigheita av å vere bevisst på omgrepa ein vel å ta i bruk. Dette gjeld særleg for helse- og sosialarbeidarar innan rusfeltet, då rusmiddelavhengige ofte kan oppleve å bli møtt med fordommar og negative haldningar.

## 1.5 Oppgåva si oppbygging

Vidare i kapittel 2 vil eg skrive om kva metode som er brukt for å finne fram til relevante forskingsartiklar. Dette inkluderer blant anna forskingsdesign, søkekriterier og kritisk vurdering og utveljing av litteratur. Grunngeving av metodeval, styrker og svakheiter ved desse, og etiske vurderingar kring utvald forskingslitteratur vil også kome fram i metodekapittelet. Kapittel 3 er eit teorikapittel der eg vil gå inn på val av teoretisk perspektiv og skildre sentrale omgrep og teoriar som er relevante for problemstillinga. I kapittel 4 vert vesentlege funn frå litteraturen presentert, før eg i drøftingskapittelet, kapittel 5, vil diskutere desse funna i lys av teori og faglitteratur. Avslutningsvis vil eg i siste kapittel forsøke å kome med ei oppsummering.

## 2 Metode

### 2.1 Vitskapsteoretisk ståstad

Oppgåva er ei fenomenologisk undersøking av korleis ein som sosionom kan bidra til å førebyggje rusmiddelutfordringar hos ungdom i vidaregåande skule. Fenomenologi betyr læra om fenomen (Dalland, 2017, s. 45). Den fenomenologiske tilnærminga kjem til syne ved at det i arbeidet vert vektlagt eleven si subjektive oppleving av situasjonen. Relasjonen mellom sosionom og elev er viktig i seg sjølv, ved at sosionomen kan få innsikt i korleis ungdommen erfarer sine rusmiddelutfordringar, og kva tankar han eller ho gjer seg om desse. Sjølve samhandlinga mellom desse to, og kvaliteten på denne er difor viktig. Gjennom samhandling kan sosionom og elev få eit innblikk i korleis begge partar opplever fenomenet, og saman arbeide for ei løysing som kan vere positiv for begge. Dalland (2017, s. 55) viser til to viktige ideal som med ei vitskapeleg innstilling bør følgjast uansett val av metode; pålitelegheit og openheit om resultat. Undervegs i heile arbeidsprosessen har eg anstrengt



meg for å følge desse ideala. Med dette meiner eg at eg har forsøkt å gjere greie for korleis eg har kome fram til resultatane mine på ein slik måte at andre kan etterprøve dette.

Nøyaktigheit, ærlegdom og ein systematisk framgangsmåte er ein viktig del av slikt arbeid.

Eg har også sett på kjeldene eg har brukt med eit kritisk blikk, for å oppdage og belyse moglege feilkjelder som kan ha påverka resultatane.

## 2.2 Forskingsdesign

Tidleg i søkeprosessen brukte eg Google Scholar for å få eit innblikk i noko av forskinga på feltet ungdom og rusmiddelførebygging i skulen. Her fann eg ein god del fulltekst-artiklar både på norsk og engelsk. Ved å sjå gjennom fleire av tekstane og artiklane, fekk eg eit innblikk i kva for søkeord som kunne vere relevante. Med utgangspunkt i desse søkeorda, gjekk eg etterkvart over til søk i databasane Campbell Library, CINAHL, Cochrane Library og Web of Science for å finne forskning. For å finne internasjonal forskning gjorde eg søk på engelsk. Eg brukte søkeorda «substance use disorder», «substance use», «substance», «alcohol», «drug\*», «illicit drug\*», «prevention», «school», «school-based». Søkeorda kombinerte eg med «AND» og «OR», for å finne fram til forskning som innehalde kombinasjonar av desse orda. For å finne forskning som spesifikt omhandla ungdom, nytta eg søkeorda «adolescent\*» og «youth». Databasane Norart og Idunn vart nytta for å finne norsk og nordisk forskning, særleg knytt til sosionomar si rolle i skulen. Eg ønska spesielt å finne artiklar frå Noreg i denne samanhengen, for å få kunnskap om korleis lover og retningslinjer i den norske skulen legg føringar for arbeidet som kan utførast.

For at artiklane skulle vere aktuelle, hadde eg visse inklusjonskriterium. Artiklane måtte vere fagfellevurderte, omhandle førebygging som direkte rettar seg mot ungdom, og vere av nyare dato, nærare bestemt frå og med 2015. Eg ønskte fortrinnsvis å finne artiklar med forskning som rettar seg mot ungdom i høginntektsland, for å unngå at store kulturforskjellar kunne gjere det vanskeleg å sjå resultatane i ein norsk samanheng. Eg har ekskludert artiklar som ser på risikofaktorar og førebyggingstiltak spesifikt rettar seg mot ungdom med minoritetsbakgrunn. Eg har brukt artiklar som tek utgangspunkt i eit breitt utval ungdommar. Med utgangspunkt i problemstillinga mi, vil eg sjå på førebygging som rettar seg mot alle elevar på vidaregåande

skule, utan å fokusere på eventuelle kulturelle forskjellar. Artiklar som berre omhandla tobakksbruk vart også utelukka, då tobakk vanlegvis ikkje vert rekna som eit rusmiddel. Dette fell difor utanfor fokusområdet for problemstillinga mi. Artiklar som ser på førebygging av både tobakk og rusmiddel under eitt, har eg likevel vald å inkludere. I desse tilfella har eg berre brukt funna som omhandlar rusmiddel og ikkje tobakksbruk. Artiklar og forskning som ser på førebygging retta mot vaksne er heller ikkje inkluderte.

### 2.3 Kjeldekritikk

Eg har brukt Norsk publiseringsindikator ([www.npi.nsd.no](http://www.npi.nsd.no)). Her kan ein kontrollere at tidsskrifta der artiklane har vore publiserte er vitskaplege og fagfelleverderte. Dette er gjennomgått for artiklane som er nytta i oppgåva. Artiklane eg har brukt er alle bygd opp etter IMRaD-modellen. IMRaD er ei forkorting for Introduction, Method, Results and Discussion ([www.sokogskriv.no](http://www.sokogskriv.no)). Dette sikrar blant anna at artiklane har eit tydeleg definert føremål, og at det kjem tydeleg fram korleis resultata er innhenta og analysert.

Tre av artiklane eg har valt å bruke, er systematiske oversiktsartiklar. Dette er artiklar som tar sikte på å gjennomgå all tilgjengeleg forskning på eit bestemt felt (Aveyard, 2019, s. 9). Den tilgjengelege forskinga vert gjennomgått og vurdert, og resultat og funn frå dei ulike artiklane vert samanfatta. I slike systematiske oversiktsartiklar vert artiklane nøye gjennomgått av artikkelforfattarane for å sikre at dei inkluderte artiklane oppfyller krava til vitskaplegheit (Aveyard, 2019, s. 10). Det positive ved å nytte systematiske oversiktsartiklar er at slike artiklar gir ei brei og omfattande oversikt over resultat av forskning som allereie er gjort på temaet. På denne måten kan vert forskingsresultat frå ulike år og ulike forfattarar samanlikna, og det gir dermed eit større grunnlag for å sjå tendensar og samanhengar. Slike artiklar er per definisjon ei sekundærkjelde. Det vil seie at den tek utgangspunkt i primærkilder, men tolkar og samanfattar resultata frå desse. Dei systematiske oversiktsartiklane eg har brukt, er alle utgitt i 2015 eller seinare. Primærartiklane som dannar grunnlaget for oversiktsartiklane derimot, er publisert før eller i 2015.

Då eg har brukt engelsk forskingslitteratur, kan det i oversetjingsprosessen ha oppstått misforståingar eller feiltolkningar frå mi side, utan at eg har oppdaga dette sjølv. Det har vore utfordrande at nokre artiklar ser på førebygging av alkoholbruk, nokre ser på førebygging av illegale rusmiddel, medan andre ser på dette under eitt. Eg merka også at det var utfordrande å studere effekt av førebygging, då det er mange moment av usikkerheit som gjer det vanskeleg å trekkje sikre konklusjonar. Dette dreier seg blant anna om at det kan vere ulike indikatorar som er lagt til grunn for å måle effekt av førebygging. Eksempelvis kan ein studie måle førebyggjande effekt utifrå reduksjon av tal alkoholeiningar konsumert over ein viss periode, medan ein annan studie måler effekt som reduksjon i skadeleg bruk av rusmiddel. Trass i små forskjellar knytt til slike indikatorar, har eg forsøkt å sjå etter samanhengar og likskapar eller ulikskapar når det gjeld resultat, noko som gjer ei viss fare for feilkjelder. I tillegg har det vore relativt vanskeleg å finne forskingslitteratur som omhandla eksplisitt sosionomar si rolle som tilsette i vidaregåande skule, eller i skulen generelt.

#### 2.4 Grunngjeving av metodeval

Denne oppgåva har brukt litteraturstudie som metodeval, noko som betyr at oppgåva byggjer på forskning og litteratur som allereie føreligg. Litteraturstudie går ut på å analysere resultat av forskning som allereie er gjort på området eg har fokus på. Ein styrke ved metodevalet er at artiklane inneheld funn som kjem frå eit større utval ungdommar. Resultata gir dermed ei meir omfattande oversikt på feltet enn om eg hadde utført eigne undersøkingar til dømes i form av intervju. Ved å nytte meg av forskning som allereie er utført av andre, treng eg ikkje tilgang på eigne informantar eller respondentar. Eit omfattande empirigrunnlag gir også større grunnlag for å kunne generalisere funna til også å gjelde andre situasjonar enn berre der informasjonen i utgangspunktet vart innhenta. Sjølv om det på mange måtar er nyttig å kunne bruke forskning som allereie er utført av andre, kan det vere ein svakheit at ein må basere seg på informasjon som allereie føreligg. Moglegheita for å sjølv snakke med informantane og kome med eigne oppfølgingsspørsmål, utgår. Det kan difor bli vanskeleg å få med si eiga vinkling dersom litteraturen som blir brukt ser fenomenet frå eit anna perspektiv, eller berre delvis har same vinkling som den eg legg til grunn i oppgåva.

## 2.5 Litteraturgjennomgang

Etter omfattande søk i ulike databasar, fann eg etter kvart fire artiklar som oppfylte krav til vitenskaplegheit, og som var relevante for tema og problemstilling. Tre av desse fire artiklane er systematiske oversiktsartiklar. Etter nøye gjennomgang og utvelgingar, er resultatet av litteratursøket følgjande artiklar:

- «Prevention, early intervention, harm reduction, and treatment of substance use in young people» (Stockings et al., 2016). Artikkelen er ein systematisk oversiktsartikkel som gir ei oversikt over effekten av førebygging, tidleg intervensjon, skadereduksjon og behandling av rusmiddelbruk og rusmiddelproblem hos unge. Unge vert i teksten definert som personar frå 10 til 24 år, noko som vil seie at det er eit breiare utval enn berre ungdom i vidaregåande skulealder. Resultata er blant anna delt inn etter alder, som likevel gjer det mogleg å studere funn som omhandlar ungdom i aldersgrupper som er meir relevant for mi problemstilling. Forskingsgrunnlaget kjem nesten utelukkande frå studiar utførte i høginntektsland, noko som gjer resultata relevante når det gjeld overføringsverdi til Noreg.
- «School-based programmes to reduce and prevent substance use in different age groups: What works for whom? Systematic review and meta-regression analysis». (Onrust, Otten, Lammers & Smit, 2015). Som namnet tilseier, var formålet med artikkelen å gje ei oversikt over kva som har effekt når det gjeld førebygging og redusering av rusmiddelbruk hos unge i ulike aldersgrupper. Funna omhandlar både bruk av tobakk, alkohol og illegale rusmiddel. Førstnemnde gruppe er ikkje relevant i denne oppgåva, og eg ser difor vekk frå funn på dette området. 288 program med til saman 436 180 deltakarar har blitt evaluerte (Onrust et al., 2015, s. 45). Det store talet på deltakarar er ein styrke ved denne artikkelen.
- Effectiveness of motivational interviewing to reduce illicit drug use in adolescents: A systematic review and meta-analysis ( Li, Zhu, Tse, Tse, & Wong, 2015). Studien undersøker kun effekten av førebygging av bruk av illegale rusmiddel, og inkluderer ikkje bruk av alkohol. Oppsummerer resultatet frå til saman ti artiklar, med 1466

deltakarar. Deltakarane var ungdom frå Storbritannia og USA, men unntak av ein studie frå Taiwan.

- «Barnevernspedagogers, sosionomers og vernepleieres rolle og status i skolen» (Gjertsen, Hansen & Juberg, 2018). Artikkelforfattarane intervjuar skuletilsette med sosialfagleg bakgrunn for å få deira eige syn på kva rolle dei har i skulen. Dette er ein kvalitativ studie. Det var flest informantar som var tilsett i vidaregåande skule, noko som er relevant i høve oppgåva si problemstillinga. Ein svakheit med artikkelen er eit lågt tal informantar, noko som gjer det vanskelegare å generalisere funna.

Dei systematiske oversiktsartiklane har gjennomgått primærkjeldene grundig, og sikra at etiske retningslinjer og krav til vitenskapleg forskning er følgt.

I tillegg til forskingsartiklane har eg nytta ein god del faglitteratur, både som sjølvstendig kunnskapsgrunnlag og som supplement til den utvalde forskinga. Boka *Sosialt arbeid. En grunnbok* (Ellingsen, Levin, Berg & Kleppe, 2015) er i stor grad nytta som kjelde i kapittel 3.3. Dette kapittelet omhandlar sosionomen sin kunnskap og kompetanse innan sosialt arbeid som fag og yrke. Bøker av Fekjær (2016), Hole (2014), Kraft (2016), Mørland og Waal (2016) og Simonsen (2016) vert brukt gjennomgåande i heile oppgåva. Alle bøkene er faglitteratur av relativt ny dato, skriva av personar med brei kunnskap og erfaring frå arbeid innan rusfeltet. Nokre av bøkene vert også brukt som pensum- og grunnbøker i helse- og sosialfaglege utdanningar i dag. Ved å ta i bruk fleire fagbøker som omhandlar temaet, kan eg samanlikne funn og samstundes finne vinklingar og perspektiv som kan utfylle kvarandre.

## 2.6 Ethiske vurderingar

Det er alltid ein fare for at eiga forforståing kan påverke innhald i oppgåva. Anten ved at ein, bevisst eller ubevisst, vel ut litteratur og forskingsartiklar som samsvarar med det synet ein sjølv har, eller utelet forskning som har funn som ikkje samsvarar med eiga forforståing. For å minske faren for at dette skulle skje, var bruk av inklusjons- og eksklusjonskriteriar ein del av strategien for å velje ut relevant litteratur. Dette sikra nokre objektive haldepunkt for kva

artiklar som kunne brukast og ikkje. Når det er sagt, vil min bakgrunn som sosionomstudent kunne påverke val av litteratur. Problemstillinga mi omhandlar sosionomen si rolle i førebyggingsarbeid på vidaregåande skule. I forarbeidet med å velje ut litteratur til studien, oppdaga eg at fleire artiklar nemnde motiverande intervju som ein mogleg metode å ta i bruk i arbeid med førebygging av rusmiddelutfordringar hos unge. Etersom dette er ein metode som har vore gjennomgått på sosionomstudiet, vart eg interessert i å finne ut kva for effekt motiverande intervju kan ha i førebyggingsarbeid. I denne oppgåva har eg også inkludert ein systematisk oversiktsartikkel som ser på effekten av dette (Li et al., 2015). Eg meiner at bruken av denne artikkelen har spesiell relevans for sosionomar. Samstundes er det sjølv sagt ein fare for at fokuset på motiverande intervju som førebyggingsmetode blir uforholdsmessig stort og kanskje større enn det som er vektlagt i forskingslitteratur.

### 3 Teoridel

#### 3.1 Systemteoretisk perspektiv

Eit system er ei gruppe av mindre einingar som til saman dannar ein heilskap (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 137). Eit sosialt system kan beskrivast som strukturar som er forbunde på ein slik måte at endringar som skjer i ein av strukturane fører til at det også skjer endringar i ein eller fleire av dei andre strukturane. Systemteori er nyttig for sosialarbeidarar som vil forstå dynamikken i sentrale system i eit menneske sitt liv (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 137). Kontekst og heilskap er sentrale omgrep innan systemteori. Sosialarbeidarar er opptekne av å skaffe seg oversikt, og å danne eit heilskapleg bilete av kva som går føre seg i ulike situasjonar. Familiearbeid er eit eksempel på dette, der familien kan sjåast som eit system, med dei forskjellige familiemedlemmane som delar av systemet. For å sjå menneske i sin kontekst, vert det viktig å utforske samanhengen mellom individ og samfunnet rundt (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 138-143). Sirkulær årsakstenking er også sentralt innan systemteori. Ved ei slik tenking vert det vektlagt at det kan vere mange årsaker til at noko skjer. Ein slik måte å tenke på er eit alternativ til ei meir lineær årsak-verknadstenking, der éi hending har éin årsak. I ei sirkulær årsaksforståing ligg fokuset på å sjå samanhengar og mangfald i det som skjer (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 169).

Eit systemteoretisk perspektiv er nyttig for å beskrive korleis ulike risiko- og beskyttelsesfaktorar kan opptre samstundes og saman påverke eit utfall. Perspektivet er også relevant for å sjå korleis førebygging på skulen, som kan sjåast som eit system, kan påverke andre system i ungdomen sitt liv. Det er eit gjennomgåande fokus på at ting heng saman, og at ein må sjå på korleis enkeltdelar verkar saman, og som del av ein større heilskap.

Eit anna sentralt element i systemteori er at ein som sosialarbeidar bør prøve å kome med ein «passeleg forskjell for å skape endring» hos motparten (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 139). Dette handlar om å finne ein balansegang i arbeidet der ein verken fortel personar noko dei allereie veit frå før, eller kjem med heilt nye innspel som kan kjennast fjerne ut. På denne måten er målet å kome fram til noko som mottakaren sjølv har tenkt, samstundes som at sosionomen har kunne bidra med nye nyansar eller synsvinklar som til saman fører dei i ønska retning (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 139).

### 3.2 Førebygging på ulike nivå

Tidlegare var det vanleg å dele førebygging inn i tre ulike typar; primær-, sekundær- og tertiærførebygging. I løpet av dei siste åra har desse omgrepa derimot blitt mindre brukt (Hole, 2014, s. 72). I dag vert denne inndelinga i aukande grad erstatta av ein annan måte å dele førebygging inn på. Omgrepa som i dag er vanleg å bruke, er universell, selektiv og indikativ (Mørland & Waal, 2016, s. 332; Simonsen, 2016, s. 114; Fekjær, 2016, s. 334; Hole, 2014, s. 72). Kategoriseringa seier noko om kven førebygginga rettar seg mot. Det er nyttig å ha kunnskap om dette for å kunne sjå det i samanheng med kva for skulebasert førebygging som har vist seg å ha effekt.

Universell førebygging rettar seg mot heile befolkninga utan å skilje mellom ulike grupper eller individ. Selektiv førebygging rettar seg mot særskilde risikogrupper som er meir utsett enn andre for å utvikle rusmiddelutfordringar. Indikativ førebygging er retta mot individ med forhøga risiko eller der rusmiddelproblem allereie er opplevd eller kan observerast (Mørland & Waal, 2016, s. 332; Simonsen, 2016, s. 114; Fekjær, 2016, s. 334; Hole, 2014, s. 72).

Indikativ førebygging vert også gjerne omtalt som «tidleg intervensjon» (Hole, 2014, s. 72). Tidleg intervensjon som omgrep kan på grunn av ordlyden gje assosiasjonar til ein form for behandling. Intervensjon handlar om å setje i verk tiltak eller på annan måte gripe inn. I dette tilfelle dreier det seg om å gripe inn hos ungdom som allereie har vist teikn til å utvikle rusmiddelutfordringar. Eg vel i tråd med faglitteratur, til dømes Hole (2014, s. 72), å sjå på tidleg intervensjon som ein form for førebygging. Tiltak som blir sett i verk tidleg i ei sjukdomsutvikling kan auke sjansane for betring, og dermed førebygge at problema utviklar seg til å bli større (Mørland & Waal, 2016, s. 332). På bakgrunn av dette, ser eg det difor som relevant for problemstillinga mi å også inkludere tidleg intervensjon som tema.

### 3.3 Sosionomen sin kompetanse, samfunnsoppdrag og rolle som tilsett i skulen

Sosialt arbeid kan gå føre seg på ulike nivå, ulike arena og innanfor ulike rammer. Det kan utførast sosialt arbeid på både individ-, gruppe-, og samfunnsnivå (Berg et al., 2015, s. 19). Hovudfokuset ligg på å sjå både individet og konteksten som han eller ho lever i (Levin, 2015, s. 38). Sosialt arbeid er både eit fag, ein profesjon og ein akademisk disiplin. Dette betyr at det spring ut i frå ein vitenskapleg kunnskapsbase, og at arbeidet sosionomar utfører byggjer på eit fagleg grunnlag som er basert på visse verdiar, ferdigheiter og teoriar (Berg et al., 2015, s. 19). Relasjonskompetanse og kontaktetableringsferdigheiter står heilt sentralt i sosionomen sitt arbeid (Kleppe, 2015, s. 148).

Uavhengig av arbeidsstad, er sosionomar, barnevernspedagogar, vernepleiarar og velferdsvitarar forplikta til å følgje det yrkesetiske grunnlagsdokumentet som er utforma av Fellesorganisasjonen (2019). Fellesorganisasjonen er ei fagforeining og profesjonsforbund for sosionomar, vernepleiarar, barnevernspedagogar og velferdsvitarar ([www.fo.no](http://www.fo.no)). I dette grunnlagsdokumentet vert samfunnsoppdraget til profesjonsutøvarane utheva, nemleg å bistå menneske som av ulike grunnar har behov for hjelp, og slik sikre livskvalitet og levekår som er menneskeverdige. Ein sentral del av arbeidet er difor blant anna arbeid for sosial endring og sosial rettferd, og solidaritet med utsette grupper i samfunnet (Fellesorganisasjonen, 2019, s. 1). Dokumentet viser også til forpliktande fellesverdiar som legg rammene for arbeidet som skal utførast. Døme på slike verdiar er mellom anna å ha eit



heilskapssyn på menneske, og å ha respekt for kvar enkelt sin integritet og ønske om å ha kontroll over sitt eige liv (Fellesorganisasjonen, 2019, s. 4). I ein rapport der formålet blant anna var å sjå nærare på korleis desse yrkesgruppene arbeider i skulen, kjem det fram at over 1500 av Fellesorganisasjonen sine medlemmar arbeider i barnehage, SFO eller skule (Borg & Lyng, 2019, s. 6).

Gjertsen, Hansen og Juberg (2018) har i sin forskingsartikkel undersøkt kva rolle og status sosionomar, barnevernspedagogar og vernepleiarar opplever å ha som tilsette i den norske skulen. Informantane deira var representantar frå desse tre yrkesgruppene, tilsett i både grunnskule og vidaregåande skule. I artikkelen kjem det fram at fleire av dei tilsette opplever rolla si som noko uklar, og at dei i stor grad kan utforme sin eigen arbeidskvardag. Ifølgje Borg og Lyng (2019, s. 11) får sosionomar tilsett i skulen ofte stillingsbeskrivinga miljøterapeut. Dei fortel at det er store variasjonar i arbeidsoppgåvene til miljøterapeutar, og i korleis lærarar, elevar og foreldre tek i bruk den sosialfaglege kompetansen på skulen. På ein skule i Sogndal er til dømes alle assistentane erstatta med sosialarbeidarar tilsett i miljøterapeutstilling (Odland, 2018). Ein sosionom som arbeider på denne skulen fortel at arbeidsoppgåvene hennar er veldig varierte. Dei kan blant anna kan innebere samarbeid med føresette og å støtte dei i foreldrerolla, å bygge relasjonar til elevane for å vise at dei er gode vaksne å snakke med, og observasjon og mogleg inngripen dersom ho ser elevar som går mykje åleine eller viser andre teikn til utfordringar. Ho fortel også at foreldra til elevane på denne skulen kan sende SMS direkte til miljøterapeutane dersom dei har bekymringar knytt til eigne barn (Odland, 2018).

#### 4 Presentasjon av funn

Dette kapittelet gir ei oversikt over dei sentrale funna frå litteraturen som belyser problemstillinga mi på ulike måtar. Mykje av forskinga på skulen som arena for førebygging av rusmiddelutfordringar, ser på effekten av ulike typar program. I staden for å sjå dei konkrete programma kvar for seg, har eg forsøkt å sjå om det fantes fellestrekk ved dei programma som viste seg å ha effekt. Desse hovudfunna vil bli presentert i dette kapittelet. Først kjem ei oversikt over kva som vert kategorisert som risikofaktorar og

beskyttelsesfaktorar når det gjeld utvikling av rusmiddelutfordringar. Deretter vert effekten av ulike førebyggingsprogram i skulen vert presentert.

#### 4.1 Risikofaktorar

Risikofaktorar for utvikling av rusmiddelavhengigheit vert gjennomgåande delt inn i tre kategoriar. Dette er faktorar på individnivå, gruppenivå og samfunnsnivå. (Hole, 2014; Kraft, 2016). Eg vel også å bruke ei slik inndeling, då eg meiner at det bidreg til å systematisere faktorane på ein god og oversiktleg måte. Under viser eg til risikofaktorar som det er brei einigheit om i faglitteraturen.

##### 4.1.1 Faktorar på individnivå

Med faktorar på individnivå meinast forhold ved personen sjølv, til dømes personlegdom og karaktertrekk., Personar som byrjar med rusmiddel i ung alder, såkalla tidleg debut, ser ut til å ha høgare risiko for å utvikle rusmiddelutfordringar enn ungdom som debuterer seinare (Bukstein, 2019; Hole, 2014; Kraft, 2016, s. 148). Det same ser ut til å vere tilfelle for personar med ei positiv haldning til rusmiddel eller låg grad av sjølvtilitt og tru på egne evner. Også ungdom med ein spenningssøkande eller impulsiv personlegdom har auka risiko for slik utvikling (Bukstein, 2019; Kraft, 2016, s. 153). Det er ein også ein samanheng mellom psykiske lidingar, særleg angst og depresjon, og rusmiddelutfordringar (Bukstein, 2019; Hole, 2014, s. 54). Menneske som har ulike psykiske lidingar er meir utsette enn menneske som ikkje har dette. Motsett veg, kan rusmiddelutfordringar også gi auka sannsyn for å utvikle psykiske lidingar.

##### 4.1.2 Faktorar på gruppenivå

Her inngår forhold som er knytt til gruppene som individet inngår i, til dømes familie, venner og nettverk. Eit dårleg skulemiljø kan vere ein risikofaktor for å utvikle rusmiddelproblem. (Hole, 2014, s. 48). Dårlig skulemiljø kan kome av ulike grunnar, til dømes mobbing som påverkar skulekvardagen. Svak tilknytning til skulen eller svake skuleprestasjonar, til dømes lese- og skrivevanskar er også ein risikofaktor. Det ser ut til å vere ein klar samanheng mellom bruk av cannabis og fråfall i vidaregåande skule (Hole, 2014, s. 94). Kven

ungdommen omgåast med har også noko å seie. Venner som har ei positiv haldning til rusmiddel, eller som eksperimenterer med bruk, aukar risikoen for seinare utvikling av rusmiddelutfordringar. Eit trøblete forhold til familien ser ut til å gi same negative innverknad. Eksempel på dette er dårleg samspel i familien, eit høgt konfliktnivå, eller å ha vore utsett for overgrep og omsorgssvikt (Bukstein, 2019; Hole, 2014, s. 48).

#### 4.1.3 Faktorar på samfunnsnivå

Når det er snakk om faktorar på samfunnsnivå, gjeld dette overordna forhold ved samfunnet og miljøet rundt personen. Å vekse opp i fattigdom eller under dårlege buforhold er faktorar som kan ha negativ innverknad på ungdom sin rusmiddelbruk (Bukstein, 2019; Hole, 2014, s. 48). Lover og reglar som regulerer tilgjengelegheita og tilgangen til rusmiddel vil også verke inn på ungdom sin bruk. Større tilgjengelegheit av rusmiddel ser ut til å auke ungdom sin bruk (Bukstein, 2019).

#### 4.2 Beskyttelsesfaktorar

Blant beskyttelsesfaktorane for framtidig utvikling av rusmiddelproblem, finn vi til dømes relevant kunnskap om rusmiddel, eit sjølvbilete som er prega av eit positivt syn på seg sjølv og framtida, og god sosial kompetanse (Hole, 2014, s. 48). Ein god og stabil omsorgssituasjon som gir ei kjensle av tilhøyrighet, og føresette med ein autoritativ oppdragsstil prega av varme, er beskyttande. Hole (2014, s. 48) peikar også på at minst éin betydingsfull vaksen og prososiale venner har positiv innverknad.

#### 4.3 Ulike førebyggingsmetodar

Blant ulike førebyggingsmetodar finn vi blant anna kunnskapsbasert opplysning, program som nyttar ferdigheitstrening eller som omhandlar normer og forventningar knytt til rusmiddel, familiebasert førebygging og motiverande intervju (Li et al., 2015; Onrust et al., 2015; Stockings et al., 2016).

Med kunnskapsbasert opplysning meinast rusmiddelopplysning som fokuserer på å auke ungdom sin kunnskap om ulike rusmiddel, og å skape bevisstheit rundt dei potensielle

farene ved bruk. Slik kunnskapsbasert opplysning i skulen ser imidlertid ikkje ut til å påverke ungdom sin bruk av verken alkohol eller illegale rusmiddel i særleg stor grad (Stockings et al., 2016, s. 287, 292; Fekjær, 2016, s. 335; Kraft, 2016, s. 191). I studiar som har undersøkt dette, konkluderer nokre med positiv effekt, medan andre ikkje ser effekt. Konklusjonen er difor at funna er for varierende til å gje ei endeleg anbefaling (Stockings et al., 2016, s. 283-284). Det kan likevel sjå ut til at meir interaktive program der ungdommen sjølv er deltakande, og som fokuserer på ferdigheitstrening av ulikt art, har større effekt enn program som utelukkande fokuserer på å formidle kunnskap om rusmiddel (Fekjær, 2016, s. 335; Onrust et al., 2016, s. 46).

#### 4.4 Ulik effekt av førebygging i ulik alder

(Onrust et al., 2016) viser til at alder er eit viktig moment å ta omsyn til når det gjeld førebygging i skulen, då det på ulike aldersstadium er ulike tilnærmingar som har effekt. Midten av tenåra er gjerne starten på ei tilbaketrekking frå familien, i eit ønske om sjølvstende og autonomi. Forholdet til føresette kan endre seg, i betydninga at deira verdiar ikkje lenger er av like stor betydning som tidlegare. Meir tid vert brukt med venner, og venner får desto meir innverknad. Ifølgje Onrust et al. (2016, s. 47) er midten av tenåra ein vanskeleg periode å arbeide førebyggjande mot rusmiddelutfordringar. Dette fordi denne aldersgruppa generelt er lite opne for vaksne sine syn og verdiar. Mot slutten av tenåra derimot, fører modningsprosessar blant anna til ei auke i impuls kontroll og sjølvregulering. Evna til å planleggje framover i tid vert større, og sårbarheita for gruppepress kan bli mindre. Forholdet til føresette ser også ut til å bli betre, og deira verdiar får igjen auka betydning (Onrust et al., 2016, s. 47). Samtidig er denne perioden forbunde med auka inntak av rusmiddel, og bruk vert i større grad normalisert. Fleire sosiale aktivitetar går til dømes føre seg i kontekstar der inntak av rusmiddel er vanleg (Onrust et al., 2016, s. 47).

Onrust et al. (2016, s. 58) finn at ungdom i slutten av tenåra, i motsetnad til yngre ungdom, ser ut til å ha effekt av universelle program med fokus på å blant anna lære å stå imot press frå jamaldrande. Når det gjeld ungdom med høgare risiko for utvikling av rusmiddelutfordringar, viser desse ingen effekt av slike universelle program. Nokre studiar

viser også at førebyggingsprogram som fokuserer på å lære ungdom å seie nei til rusmiddel, kan verke mot si hensikt for ungdom i risikogrupper. Det kunne derimot sjå ut til at selektiv førebygging som retta seg mot ungdom i risikogrupper, hadde litt effekt. Desse programma inkluderte vanlegvis trening i sosiale ferdigheiter, og ferdigheitstrening som til dømes problemløysing og øving på å ta gode val (Onrust et al., 2016, s. 56). Involvering av foreldre kan føre til større effekt både hos ungdom med auka risiko, og ungdom som ikkje har slike risikofaktorar (Onrust et al., 2016, s. 58).

#### 4.5 Motiverande intervju

Fleire har undersøkt effekten av motiverande intervju som ein del av førebygging av rusmiddelutfordringar hos ungdom (Li et al., 2015; Stockings et al., 2016). Motiverande intervju er ein samtalem metode som vert brukt for å utforske ein person sin motivasjon, der målet er endring på eit bestemt område (Barth, Børtveit & Prescott, 2013, s. 13). Stockings et al., 2016, s. 289) fann at det for ungdom som har utvikla skadeleg bruk av alkohol, var meir fordelaktig å få individuell intervensjon ansikt-til-ansikt enn same intervensjon gitt digitalt via internett. Den individuelle intervensjonen innehaltd personlege tilbakemeldingar og motiverande intervju (Stockings et al., 2016, s. 289).

I ein systematisk oversiktsartikkel av Li et al. (2015) konkluderast det med at motiverande intervju ikkje ser ut til å medføre særleg endring i bruk av illegale rusmiddel hos ungdom (Li et al., 2015, s. 4). Likevel vart det sett endring i haldningar hos ungdommane som deltok. Motiverande intervju som metode såg ut til å påverke intensjonar om endring, utan å føre til signifikante endringar i sjølve handlingane (Li et al., 2015, s.9). Effekten var avhengig av i kva for ein setting samtalen gjekk føre seg. Den største enkeltrapporterte effektstørrelsen stamma frå motiverande intervju utført på ein klinikk, medan den mest konsekvente positive effekten kom frå motiverande intervju som vart levert i skulesetting (Li et al., 2015, s. 4). Effekten målt innan seks månadar etter intervensjonen viste større effekt enn målingar som vart gjennomført meir enn seks månadar etter endt intervensjon (Li et al., 2015, s. 8).

## 5 Drøfting

Hensikta med denne oppgåva var å undersøke korleis ein som sosionom tilsett i vidaregåande skule kan bidra til å førebygge utvikling av rusmiddelutfordringar hos ungdom. Undervegs i arbeidet med oppgåva vart det klart at det finst mykje forskning på effekten av ulike typar førebygging i skulen, og om sosionomar sin kompetanse generelt, men at det var utfordrande å finne forskning knytt direkte til kva rolle sosionomar kan ha i førebyggingsarbeidet. For å nærme meg eit svar på problemstillinga, har eg brukt element frå litteraturfunna som utgangspunkt, og sett dette i lys av teori.

### 5.1 Fokus på risiko- og beskyttelsesfaktorar i det førebyggjande arbeidet

I dei siste tiåra har det vore eit skifte i fagmiljøa, ved at det har blitt auka fokus på å finne moglegheiter og styrker hos den enkelte. Der fokuset før var sjukdom, problem og risiko, fokuserer ein no meir i retning av helsefremjande arbeid, ved å styrke dei prosessane som verkar beskyttande mot at problem oppstår (Berg et al., 2015, s. 24; Hole, 2014, s. 72). Ved arbeid med ungdom i skulen, kan ein som sosionom ha nytte av å fokusere på den enkelte ungdom sine styrker og moglegheiter for å ta kontroll over eige liv. Dette kan overførast til at ein som sosionom tilsett i vidaregåande skule, bør ha eit fokus på å styrke dei beskyttande faktorane i ein ungdom sitt liv.

Sjølv om det er viktig med eit slikt styrkeperspektiv i arbeidet, vil det ikkje seie at det som er problematisk og vanskeleg skal ignoreras (Berg et al., 2015, s. 24). Førebygging handlar om både risiko- og beskyttelsesfaktorar. Samstundes som at sosionomar bør arbeide for å auke beskyttelsesfaktorar, kan det vere nyttig å vere bevisst kva for risikofaktorar som eksisterer rundt ungdommane. Dette handlar ikkje om å leite etter avgrensingar, men om å vere bevisst livssituasjonen til den enkelte ungdommen, og sjå korleis individ og samfunnet rundt påverkar kvarandre (Berg et al., 2015, s. 25). Ein kan ikkje endre ungdom sin oppvekst eller livshendingar som allereie har funne stad, men med denne kunnskapen i botn kan det alltid arbeidast for å leggje til rette for å finne gode strategiar for å handtere og bearbeide hendingar som har skjedd tidlegare i livet. Med slike strategiar kan ungdommen stå stødigare i møte med utfordringar som kan kome vidare i livet, og kan auke sjølvbilete og

trua på at han eller ho kan meistre utfordringar. Dette er ein beskyttande faktor når det gjeld rusmiddelutfordringar (Hole, 2014, s. 48).

Å bidra til eit godt skulemiljø der ungdommane trivast kan i seg sjølv vere førebyggjande, ettersom dårleg skulemiljø er ein risikofaktor (Hole, 2014, s. 48). Ved å ta utgangspunkt i beskyttelsesfaktorar, kan ein som sosionom bidra til å førebyggje rusmiddelutfordringar hos ungdom ved å til dømes vere ein betydningsfull vaksen for ungdommar som ikkje har ein slik vaksenperson elles i livet. Ved å byggje relasjonar til ungdommane og vere synleg i skulemiljøet, kan ungdommane ta kontakt med sosionomen dersom dei treng nokon å snakke med. Dette er eit døme på førebyggjande arbeid som ikkje har eit direkte fokus på rusmiddel. I tråd med eit systemteoretisk perspektiv (Hutchinson & Oltedal, 2017) vil det som skjer i eit system påverke også andre system i ungdommen sitt liv. Når det gjeld ungdom som høyrer til ulike risikogrupper, hevdar Hole (2014, s. 91) at førebyggingsarbeidet i hovudsak handlar om å leggje til rette for at oppvekstsituasjonen vert så god som mogleg. Dette inkluderer å setje inn målretta innsats knytt til dei spesifikke utfordringane ungdommen måtte ha.

Det er også viktig å understreke at når det er snakk om risikofaktorar, er det snakk om auka sannsyn for at noko kjem til å skje. Det er ikkje slik at alle som er utsett for risikofaktorar, seinare vil utvikle rusmiddelutfordringar. I tråd med ei sirkulær årsaksforståing (Hutchinson & Oltedal, 2017) vil det vere fleire grunnar til at ein person utviklar rusmiddelutfordringar. Personlegdom, familieforhold, nettverk og vener er døme på faktorar som kan spele inn, men samanhengane mellom rusmiddelutfordringar og risiko- og beskyttelsesfaktorar er samansette og kompliserte. Det er difor ikkje slik at sannsynet for problemutvikling kan bedømmast ut i frå kvar enkelt risikofaktor. Det handlar om å sjå den samla belastninga som kvar enkelt ungdom er omgitt av, og kva for nokre beskyttelsesfaktorar som er til stades (Hole, 2014, s. 49).

## 5.2 Ulike førebyggingsmetodar

Å inkludere familien til ungdommane ser ut til å gi større effekt enn om dei ikkje er involvert (Onrust et al., 2016, s. 58). Sosionomar er opptekne av å sjå «personen i situasjonen» (Berg

et al., 2015, s. 19). Med dette meinast å sjå den enkelte ungdom saman med konteksten som han eller ho er i. Dette kan seiast å vere midt i kjernen av sosialt arbeid, og også eit sentralt prinsipp innanfor systemteori (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 142). Sosionomar kan arbeide både på individ- og gruppenivå, og har gode ferdigheiter innan kommunikasjon og relasjonsdanning (Kleppe, 2015, s. 148). Med bakgrunn i desse ferdigheitene har sosionomar eit godt utgangspunkt for å kunne få til eit godt samarbeid med både ungdommen og dei føresette. Sjølv om det kan vere hensiktsmessig å involvere føresette i arbeidet, må sosionomar så langt det let seg gjere, ikkje bidra til å umyndiggjere den andre parten (Fellesorganisasjonen, 2019, s. 1). Som sosionom i skulen vil det difor vere viktig å ha ein open dialog med ungdommen og utforske deira syn på å involvere føresette.

Ungdom i risikozoner ser ikkje ut til å nyttiggjere seg av universelle førebyggingsmetodar i same grad som ungdom utanfor risikozonene (Onrust et al., 2016, s. 58). Ifølgje Kraft (2016, s. 191) kan ein av grunnane til at universelle førebyggingsmetodar i skulen stort sett viser seg å ha liten effekt, vere at dei ungdommane som verkeleg har eit behov, ikkje får ein omfattande nok eller tilpassa nok intervensjon. Mykje av forskinga på førebyggingsprogram i skulen viser svak effekt, og ved nokre former for førebygging er effekten så liten at det ikkje kan trekkjast sikre konklusjonar (Fekjær, 2016, s. 337, Stockings et al., 2016). Det kan difor stillast spørsmål ved kor hensiktsmessig skulen som arena for førebygging av rusmiddelutfordringar hos ungdom eigentleg er. Hole (2014, s. 88) hevdar likevel at skulen har ein sentral rolle i det førebyggjande arbeidet, ettersom dette er ein arena som samlar både elevar, tilsette, føresette og lokalsamfunn. I så måte kan sosionomar seiast å kunne spele ei viktig rolle, i kraft av å inneha brei kompetanse i å utføre sosialt arbeid på både individ-, gruppe-, og samfunnsnivå (Berg et al., 2015, s. 19).

(Gjertsen et al., 2018) fann i sin artikkel at rolla som sosionom tilsett i vidaregåande skule kan opplevast som noko uklar og open. På den eine sida kan det tenkjast at dette er positivt. Sosionomar kan i stor grad bestemme sjølv korleis arbeidskvardagen skal leggjast opp, og korleis han eller ho skal bruke sin faglege kompetanse på ein hensiktsmessig måte i arbeidet med ungdommen. Rolla er med andre ord karakterisert av stor grad av autonomi. På den



andre sida kan det bli store forskjellar mellom skulane når det gjeld måten sosionomar arbeider på (Gjertsen et al., 2018, s.168).

### 5.3 Motiverande intervju

Forskinga på motiverande intervju som ein del av tidleg intervensjon, viser at effekten ikkje er særleg stor, men at det likevel kan gje ein positiv effekt. Motiverande intervju såg likevel ut til å gje endring i haldningar knytt til rusmiddelbruk. Den mest konsekvente positive effekten vart sett der motiverande samtale vart brukt i skulesettingar (Li et al., 2015, s. 4). Barth et al. (2013, s. 66) viser til at før ei konkret handling finn stad, har det vore ei endring på tanke- og kjensleplanet hos personen. Dette kan byggje opp under tanken om at motiverande intervju kanskje kan føre til større endring, også i handlingar, dersom intervensjonen hadde gått føre seg over lenger tid. Denne studien tok dei fleste primærartiklane utgangspunkt i motiverande intervju som vart gjennomført i løpet av éin klokke time. Dei resterande artiklane såg på effekten av motiverande intervju gjennomført i løpet av tre eller fire slike økter (Li et al., 2015, s. 4). Det kan tenkjast å føre til endå større effekt dersom sosionomen brukar motiverande intervju som metode over lengre tid enn dette. Barth et al. (2013, s. 22) og Li et al. (2015, s. 9) hevdar at motiverande intervju handlar minst like mykje om samarbeidet mellom partane, som det konkrete innhaldet i samtalen. Blant anna hjelparen sin kommunikasjon, haldning og stil er faktorar som vil ha innverknad på om endringsarbeidet lukkast eller ikkje. Sosionomar har god kompetanse innan kommunikasjon og relasjonsdanning (Kleppe, 2015, s. 148). Kanskje kan oppfølging av ungdommane over lengre tid føre til ein sterkare relasjon mellom ungdom og sosialarbeidar, og på denne måten gje større effekt. Likevel er det viktig å vere klar over at faktorar som til dømes mangel på tid kan ha innverknad på moglegheita for slik oppfølging over lengre tid. Intervensjonar som går føre seg digitalt ser ut til å ha mindre effekt enn intervensjon ansikt til ansikt (Stockings et al., 2016, s. 289). Dette kan sjåast som eit uttrykk for at kommunikasjon ansikt-til-ansikt har ein positiv innverknad i seg sjølv.

Funna frå denne litteraturstudien understrekar kompleksiteten i utviklinga av rusmiddelutfordringar. Fekjær (2016, s. 339) uttrykkjer dette ved å vise til at rusmiddelbruk har mange ulike årsaker, og at det difor krevst mange ulike tilnæringsmåtar i førebyggingsarbeidet. På same måte som at det kan liggje komplekse årsakssamanhengar til grunn for ei slik utvikling, kan årsakene til at noko verkar førebyggjande også vere komplekse. På den eine sida har arbeidet med denne litteraturstudien tidvis vore frustrerande, mykje på grunn av den manglande moglegheita til å trekkje sikre slutningar. Funna frå forskingsartiklane eg har brukt, gir ingen konkrete svar på korleis ein sosionom kan bidra til førebygging av rusmiddelutfordringar på vidaregåande skule. Funna kan likevel brukast som eit utgangspunkt for å sjå kva førebyggingsmetodar som tidlegare har vist positiv effekt. Som sosionom kan element frå desse implementerast og brukast i arbeidet. Når det er sagt, er det også ein moglegheit for at ein slik mangel på sikre slutningar kan føre noko positivt med seg. Det kan til dømes tenkjast å hindre sosionomen i å få tankar om at han eller ho allereie veit best korleis utfordringane til ein ungdom kan løysast. Dette sikrar at sosionomen opprettheld eit opent sinn, og at dei saman kan utforske moglege løysingar på problemet, utan at sosionomen tek på seg ei ekspertrolle.

## 6 Avslutning

I denne har eg sett på korleis ein som sosionom tilsett i vidaregåande skule kan bidra til å førebyggje utvikling av rusmiddelutfordringar hos ungdom. Med bakgrunn i mitt litteratursøk, fann eg at fleire av førebyggingsmetodane som har vore prøvd i skulen, ser ut til å ha ei positiv effekt. Denne effekten er imidlertid ofte relativt liten. Sjølv om denne oppgåva viser til fleire metodar som ser ut til å gje ei førebyggjande effekt, er sosionomen si rolle i denne førebygginga noko uklar. Når det gjeld problemstillinga mi, er det difor ikkje mogleg å trekkje sikre slutningar på bakgrunn av forskinga. Sjølv om den utvalde litteraturen ikkje gav konkrete svar på korleis ein som sosionom tilsett i vidaregåande skule kan bidra i førebygginga, var det likevel mogleg å trekkje ut element frå forskingslitteraturen og sjå denne i lys av teori og faglitteratur. På bakgrunn av dette, meiner eg at arbeid som tek sikte på å auke den generelle trivselen på skulen, kan sjåast som førebyggjande med tanke på rusmiddelutfordringar. Som sosionom kan dette blant anna innebere å vere synleg i

skuleområdet og vere ein person som ungdommane kan snakke med dersom dei treng det. I dette arbeidet vert gode kommunikasjons- og relasjonsferdigheiter viktig. Mykje av arbeidet går ut på å styrke dei beskyttande faktorane rundt ungdommen. Å nytte motiverande intervju som samtalem metode, og å samarbeide med familien til ungdom som allereie viser teikn til problematisk rusmiddelbruk, kan også sjå ut til å ha førebyggjande effekt. Sosionomen si rolle som tilsett i vidaregåande skule generelt, og som bidragsytar i førebygging av rusmiddelutfordringar spesielt, er eit felt som forhåpentlegvis vert forska meir på i framtida.

## 7 Litteraturliste:

- Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: A practical guide* (4. utg.). London: Open University Press.
- Barth, T., Børtveit, T. & Prescott, P. (2013). *Motiverende intervju. Samtaler om endring*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Berg, B., Ellingsen, I. T., Levin, I. & Kleppe, L. C. (2015). Hva er sosialt arbeid? I Ellingsen, I. T., Levin, L., Berg, B. Kleppe, L. C. (Red.), *Sosialt arbeid. En grunnbok* (s. 19-35). Oslo: Universitetsforlaget.
- Borg, E. & Lyng, S. T. (2019). *Sosialfaglig kompetanse i skolen*. Henta frå <https://www.fo.no/getfile.php/1319574-1569406570/Bilder/FO%20mener/Brosjyrer/Sosialfaglig%20kompetanse%20i%20skolen%20nettside.pdf>
- Bukstein, O. (2019). Substance use disorder in adolescents: Epidemiology, pathogenesis, clinical manifestations and consequences, course, assessment, and diagnosis. I D. Salomon (Red.), *UpToDate*. Henta 4. mai 2020 frå [https://www.uptodate.com/contents/substance-use-disorder-in-adolescents-epidemiology-pathogenesis-clinical-manifestations-and-consequences-course-assessment-and-diagnosis?search=substance%20use%20disorder%20adolescent&source=search\\_result&selectedTitle=2~150&usage\\_type=default&display\\_rank=2#H22982089](https://www.uptodate.com/contents/substance-use-disorder-in-adolescents-epidemiology-pathogenesis-clinical-manifestations-and-consequences-course-assessment-and-diagnosis?search=substance%20use%20disorder%20adolescent&source=search_result&selectedTitle=2~150&usage_type=default&display_rank=2#H22982089)
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Fekjær, H. O. (2016). *Rus. Bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historikk*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Fellesorganisasjonen (2019, november). Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere. Henta frå <https://www.fo.no/getfile.php/1324847-1580893260/Bilder/FO%20mener/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>

Folkehelseinstituttet. (2019, 6. desember). Rusbrukslidelser i Norge. Henta frå

<https://www.fhi.no/nettpub/hin/psykisk-helse/ruslidelser/>

Gjertsen, P. Å., Hansen, M. B. V. & Juberg, A. (2018). Barnevernspedagogers, sosionomers og vernepleiers rolle og status i skolen. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 2, 164-179.

<https://doi.org/10.18261/issn.2464-3076-2018-02-05>

Helsedirektoratet. (2019a). Beskyttelsesfaktorer. Henta frå

<http://www.forebygging.no/ordbok/a-e/beskyttelsesfaktorer/>

Helsedirektoratet. (2019b). Risikofaktorer. Henta frå <http://www.forebygging.no/Ordbok/Q-A/Risikofaktorer/>

Hole, R. (2014). *Forebygging og behandling av rusproblemer*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hutchinson, G. S. & Oltedal, S. (2017). *Praksisteorier i sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kleppe, L. C. (2015). Sosialfaglig kompetanse. I Ellingsen, I. T., Levin, L., Berg, B. Kleppe, L. C. (Red.), *Sosialt arbeid. En grunnbok* (s. 139-153). Oslo: Universitetsforlaget.

Kraft, P. (2016). *Rusmiddelavhengighet. Et psykologisk perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget.

Levin, I. (2015). Sosialt arbeid som spenningsfelt. I Ellingsen, I. T., Levin, L., Berg, B. Kleppe, L. C. (Red.), *Sosialt arbeid. En grunnbok* (s. 36-46) Oslo: Universitetsforlaget.

Li, L., Zhu, S., Tse, N., Tse, S. & Wong, P. (2015). Effectiveness of motivational interviewing to reduce illicit drug use in adolescents: A systematic review and meta-analysis. *Addiction*, 111(5). <https://doi.org/10.1111/add.13285>

Mørland, J. & Waal, H. (2016). *Rus og avhengighet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Odland, A. M., (2018, 5. oktober). På denne skolen er alle assistentene erstattet med sosionomer, vernepleiere og barnevernspedagoger. *FriFagbevegelse*. Henta frå <https://frifagbevegelse.no/nyheter/pa-den-ne-skolen-er-alle-assistentene-erstattet-med-sosionomer-vernepleiere-og-barnevernspedagoger-6.183.581342.dd064f50e0>

Onrust, S. A., Otten, R., Lammers, J. & Smit, F. (2016). School-based programmes to reduce and prevent substance use in different age groups: What works for whom?

Systematic review and meta-regression analysis. *Clinical Psychology Review*, 44, 45-59 <https://doi.org/10.1016/j.cpr.2015.11.002>

Simonsen, T. (2016). *Rusmiddelavhengighet. Lærebok for helse- og sosialfag*. Bergen: Fagbokforlaget.

Stockings, E., Hall, W. D., Lynskey, M., Morley, K. I., Reavley, N., Strang, J., (. . .) Degenhardt, L. (2016). Prevention, early intervention, harm reduction, and treatment of substance use in young people. *The Lancet Psychiatry*, 3, 280-296. <http://dx.doi.org/10.1016/>

Tønnesson, Ø. & Svartdal, F. (2019). Ungdom. *Store norske leksikon*. Henta 18. april 2020 frå <https://snl.no/ungdom>